

## Vert dei årets VIPPS-lag under Norway Cup?

24.04.2017



Vert dette årets VIPPS-lag? Dei har i alle fall laga ein knakande god video!!

**Både G15- og G16-laget til Rosendal/Uskedal kan verta årets VIPPS-lag under Norway Cup i månadsskiftet juli/august. Dei to laga er nemleg trekt ut til å vera med i konkurranse med 23 andre lag om flotte premiar som kan gjera Norway Cup-veka til ei endå større oppleving.**

Ein av spelarane på laget hadde tippsa Lars Emil Berge som trenar G15-laget saman med Jonny Hansen, om at dei måtte melda seg på denne konkurransen. Onsdag fekk Lars Emil telefon frå VIPPS om at laget hans var trekt ut til å vera med i konkurransen som kunne lokka med premiar av ein slik art at veka i Oslo kan verta ei skikkeleg luksusveke, ja, nærast ein smak på profftilværet. Same telefon fekk tilsaman 25 deltakarlager, og blant dei var også G16-laget.

Nedanfor kan de sjå lista over opplevingane vinnarlaget kan få under veka i Oslo:

- Eigen spelarbus
- Hotellovernatting
- Livesendt TV-kamp
- Cheerleadarar
- Sikkerhetsvakter
- Golfbilar på Ekebergsletta
- Eigen massør
- Restaurantbesøk
- Styling
- Eige VIP-område
- Og mykje, mykje meir.

For å vera med i konkurransen om alt dette, måtte dei laga ein presentasjonsvideo av laget. I denne var det viktig å få fram at fotball handlar om meir enn talent. Det handlar om å ha dei rette haldningane, gode verdiar og stå på-vilje. Det handlar om å spela lagkameratane sine gode, og om å jobba hardt for klubben sin. Begge laga heiv seg rundt og innan den korte fristen som var søndag, hadde begge laga sine videoar klare til innsending.

Berre det å samla spelarane som bur spreidd i eit stort område, var ein jobb innanfor den korte tida dei hadde til rådvelde. Anita Simensen, som er oppmann for laget, fortel at alle gutane var aktivt med saman med trenarane Lars Emil Berge(Åkra) og Jonny Hansen(Uskedalen), og far Bjørn Olav Tveit. Anita sjølv var ikkje med på sjølv innspelinga då ho var bortreist, men ho hadde vore med på førebuingarbeid.

Ho seier at laget er svært godt fornøgd med det ferdige produktet. Ho synes særpreget til laget med store

avstandar og godt samhald kom godt fram i filmen som max. kunne vera på 2 minutt. Spelarane på G15 kjem frå eit stort område med 18 spelarar frå Åkra, Matre, Omvikdalen, Rosendal, Hatlestrand og Uskedalen. Heile 8 av dei 18 spelarane kjem frå Uskedalen, og mange av treningane er på kunstgrasbanen her i bygda. Uskedelingane på laget er: Sander Simensen Haraldseid, Martin H. Arnesen, Sondre Klyve, Bashar Khalo, Kristian Klette Hansen, Viljar Simonnes Tveit, Fredrik Haugland og Jarand Jensen Eide.

Sander S. Myklebust spelar på G16-laget.

De kan sjå begge dei gode videofilmene ved å klikka inn på [RTL si heimeside HER](#).

No vert det spennande tide framover. Kanskje vert nettopp eitt av desse laga årets VIPPS-lag? Dei burde liggja godt an! Dei skal vera god dei som skal slå dei!! Sjå videoane og vurder sjølv!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland